



SAKSPAPIR TIL

ÅRSMØTE 2020

Digitalt møte via Teams, torsdag 19. mai 2020 klokka 1900.

Velkommen til digitalt årsmøte!

På grunn av korona-virusa, blir årsmøtet i Rogaland Ungdomslag i år gjennomført digitalt. Vi håpar mange vil delta, og skal gjere vårt for at møtet blir bra.

Tilpassing til digitalt møte: For å gjere møtet ryddig og enkelt har vi gjort nokre grep:

- Berre utsendingar og gjester, ingen observatørar, får delta på møtet.
- Alle framlegg til endrings-, strykings- og tilleggsforslag til sakene som blir handsama sendast inn på e-post til rogaland@ungdomslag.no minst 24 timar før møtestart.

Kva er Teams?

Teams er eit nettbasert dataprogram som der ein kan snakke med kvarandre med lyd og video. Maks fire deltakarar syner på skjermen om gongen. Kven dette er varierer etter kven som snakkar. Om ein vil kan ein laste ned appen, men det er ikkje naudsynt for å delta i møtet/samtalen.

Kva utstyr treng ein for å delta?

Datamaskin med kamera, høgtalar og mikrofon (dette har dei fleste datamaskinar nå innebygd). Ein kan sjølvstilt også bruke mobiltelefon eller nettbrett, men ikkje så praktisk kanskje?

Korleis bli med?

Påmelding til Årsmøtet i eige skjema. Registrer den e-postadressa du vil bruke under møtet. Før møtet vil du få invitasjon på e-post. I e-posten finn du ei lenke som ser slik ut:

[Bli med i Microsoft Teams-møte](#)

[Lær mer om Teams](#) | [Møtealternativer](#)

Denne lenka klikkar du på, og får opp dette bilete (bilete av deg sjølv):



Sjå til at både kamera og mikrofon er på. Skriv inn førenamnet ditt og klikk «Bli med nå».

DU ER NÅ MED I MØTET!

Sak 1 Godkjenning av innkalling, sakliste og stemmerett

Vedtektene seier:

§ Årsmøte

1. Innkalling

Styret i fylkeslaget kallar inn til ordinært årsmøte. Årsmøtet skal haldast kvart år innan 31. mars. Innkalling og førebels sakliste sendast skrifileg til lokallaga minst 2 månader på førehand.

Omframt årsmøte skal haldast når årsmøtet, styret eller 1/3 av lokallaga krev det.

Fristen for utsending av endeleg sakliste og sakspapir er 4 veker før årsmøtet.

(...)

3. Utsendingar

Lokallag som har sendt årsmelding for føregående år, og betalt årspengar for føregående år for minst 5 medlemmer over 14 år, har rett til utsendingar.

Lokallag med inntil 50 medlemmer har rett til 2 utsendingar til årsmøtet. Deretter 1 utsending i tillegg for kvar nye påbyrja 50 medlemmer. Eit lag kan ikkje ha meir enn 10 utsendingar.

Utsendingane frå lokallaga skal veljast på årsmøtet i laget eller eit medlemsmøte.

Innkalling og sakliste blei sendt ut første gong i februar. Ny innkalling med endeleg sakliste og sakspapir blei sendt ut tidleg i april, 4 veker før årsmøtet.

Sakliste:

Sak 1 Godkjenning av innkalling, sakliste, forretningsorden og stemmerett

Sak 2 Val av ordstyrar, referent, to til å skrive under møteprotokoll og teljekorps

Sak 3 Årsmelding 2019

Sak 4 Rekneskap 2019

Sak 5 Arbeidsprogram for 2020

-Folkekultursatsing

-Bunadssatsing

Sak 6 Revidert budsjett for 2020

Sak 7 Budsjett 2021

Sak 8 Årspengar for 2021

Sak 9 Innkomne framlegg

Sak 10 Val

Forslag til forretningsorden:

Ordstyrarar

Til å leie møtet vert det vald 1 ordstyrar.

Vedtaksprotokoll

Årsmøtet vel ein person til å føre protokoll frå møtet. I protokollen skal det berre førast namnet på dei som deltek i debatten, framlegg, namna på dei som kjem med framlegg, røysterresultat og endeleg vedtak. Årsmøtet skal velje to til å skrive under møteprotokollen.

Innlegg

Utsendingar som ynskjer ordet må gje teikn om dette ved skrive namnet sitt i chat-funksjonen på Teams. Ein kan berre ta ordet i debatten ein gong.

Replikkar er ikkje lov – berre innlegg. Folk som har hatt innlegg kan få høve til å svare dersom ein får motinnlegg.

Taletid er avgrensa til 3 minutt.

Til saksførehavinga

Dersom utsendingane har merknader til saksgangen i møtet, kan ein ta ordet til saksførehavinga. Skriv namnet ditt og SAK i chat-funksjonen på Teams.

Framlegg

For å lette avstemmingsarbeidet i det digitale møtet, må alle endrings-, strykings- og tilleggsforslag til sakene som blir handsama sendast inn på e-post til rogaland@ungdomslag.no minst 24 timar før møtestart.

Røystemåtar

Når saker skal avgjerast gjeld vanleg fleirtal, med unntak av lovendingar der det skal vere 2/3 fleirtal. Når det blir sett fram krav om røystemåten, avgjer årsmøtet dette ved å svare på eit elektronisk spørjeskjema (google forms). Lenke til dette blir delt i chat-funksjonen. Alle vil sjå resultatet gjennom delt skjerm.

Val

Dersom det er røysta på fleire enn to ved val av leiar, skal det vere omval når ingen har fått meir enn halvparten av røystene, til dess det er berre to å velje mellom. Får desse to likt røystetal, blir valet avgjort med loddrekning. Dersom det blir røysta berre på to leiarkandidatar og begge får like mange røyster skal det vere omval. Er røystetalet likt andre gongen, blir valet avgjort med loddrekning. Ved dei andre vala er dei valde som får flest røyster

Oppteljing av røyster

Blanke røyster eller røyster som tyder på at ein ikkje vil ta stode til val eller sak, skal teljast opp og vere med i utrekningsgrunnlaget for saker som krev kvalifisert eller absolutt fleirtal. Blanke røyster tel ikkje i saker som krev vanleg fleirtal.

***Forslag til vedtak:** Årsmøte 2020 godkjenner innkalling, sakliste og forslag til forretningsorden.*

Det var ?? utsendingar med stemmerett og ?? gjester til stades på møtet. Totalt var ??? av 14 lokallag representert.

Sak 2 Val av ordstyrar, referent, to til å skrive under møteprotokoll og teljekorps

Forslag til ordstyrar: Nils Erik Eide

Forslag til referent: Synnøve Jørgensen

Forslag til to som kan skrive under møteprotokoll:

Forslag til teljekorps: Ingen, då stemmegjevinga vil føregå digitalt

Forslag til vedtak: Årsmøtet 2020 vel Nils Erik Eide til ordførar, Synnøve Jørgensen som referent, samt ?? og ?? til å skrive under møteprotokollen.

Sak 3 Årsmelding 2019

Styret:

Leiar:	Jostein Apeland	Sandeid UL	Attval: På val i 2020
Styremedlem:	Eli Anna Gudmundsen	HMU	Attval: På val i 2021
Styremedlem:	Håvard Ims	BUL Stavanger	(på val i 2020)
Styremedlem:	Synnøve Jørgensen	BUL Stavanger	(på val i 2020)
Styremedlem:	Solgunn Liestøl	Midtbygdens UL	Ny (på val i 2021)
1. vara	Erling Haraldseid	UL Skjoldafjord	Attval (på val i 2020)
2. vara	Oddmund Skartveit	Rossabø Folkedanslag	Ny (på val i 2020)
3. vara	Bjarte Holmedal	BUL Stavanger	Ny (på val i 2020)

Bunadnemnd:

Daghild Håvardsholm	BUL Stavanger	Attval (på val i 2020)
Ragnhild U. Ødegaard	BUL Stavanger	Attval (på val i 2020)
Eli Olsen	BUL Stavanger	Attval (på val i 2020)
Målfrid Grimstvedt	BUL Stavanger	Attval (på val i 2020)

Kontakt, SAFFRO:

Knut Nymark	attval (døydde i 2019)
-------------	------------------------

Ettersynsfolk:

Oddvin Emmerhoff	BUL Stavanger	attval (på val i 2020)
Magne Hope	BUL Stavanger	attval (på val i 2020)

Valnemnd 2020: Haugesund Mållag og Ungdomslag og Klepp Leikarring

Representasjon:

Eli Anna Gudmundsen:	Vest-Agder 100 år Framsyninga til Bygda dansar- Sand
Håvard Ims:	Bygda dansar –premiere, Sandnes Valkomiteen i NU
Synnøve Jørgensen :	Årsmøte i Studieforbundet Kultur og tradisjon, Stavanger Landsråd i NU
Jostein Apeland:	Framsyninga til Bygda dansar- Sand Rossabø Folkedanslag 100 år – jubileumsfest Teaterstrategigruppa i NU
Solgunn Liestøl:	Landsråd i NU Landsmøte i NU - Oslo
Bunadsnemnda:	Sjå eige avsnitt

(På grunn av streik var Rogaland ungdomslag berre representert med Solgunn Liestøl- dette pga. flystreik.)

Kommunikasjon

Rogaland ungdomslag har arbeidd mykje med heimesida, som ein håpar på skal bli ein viktig nyheitskanal saman med mellom anna Facebook. RU har og sendt ut nyheitsbrev til laga.

Ein har vidareformidla meldingar frå laga. Dette har i hovudsak skjedd via Facebook.

Eitt av måla for dette arbeidsåret var at styret skulle ta meir kontakt med lite aktive lag, og lag som ikkje er medlemmer i NU. Dette har ein ikkje fått gjennomført.

Neste år, 2020, skal Rogaland vera vertskap for storkurset, som er eit samarbeid med Telemark og Agder-fylka. Det er difor naturleg at mykje av arbeidet i laget har handla om å få til eit godt innhald på kurset, og gode arrangementstekniske rammer rundt. Ein vil og markera RU sine 125 år i høve storkurset. Ein har bede lokallaga koma med innspel til kurstilbodet.

Tettare kontakt med lokallaga

Det kom fram på lokallagssamlinga i januar at laga seg i mellom ynskte tettare kontakt, samstundes om dei ynskte fleire møtestader fylkesvis.

Styret arbeidde mot ei ny lokallagssamling i september. Statusen vart slik for lokallagsmøta 2019:

26.01. Lokallagssamling med styreleiar i Noregs ungdomslag, Mette Vårdal. Ho heldt eit inspirasjonsforedrag om korleis rekruttera ungdom.

26.09. Ny lokallagssamling – diverre avlyst pga for få deltakarar.

Fleire tiltak retta mot barn og unge

Bygda dansar-prosjektet er avslutta

Dansekveldane Fuglen i regi av Ryfylkemuseet- RU støttar økonomisk etter søknad

Sommarteatarskulen 2019 i regi av Sandeid UL (17 deltakarar)-RU støttar økonomisk

Sommarleiren i NU –RU støttar 3 ungdomar frå fylket etter søknad.

Støtte til ulike aktivitetar og arrangement:

Også i år har laga kunna søkt støtte til ulike lokale arrangement. I år fordeler aktivitetstøtta seg slik:

Rossabø folkedanslag

Sandeid ungdomslag

Haugesund mållag –og ungdomslag

Klepp leikarring

Midtbygdens ungdomslag

Notebokprosjektet- eit samarbeid med Ryfylkemuseet har stått litt på vent for å klarera innhald og omfang.

Korleis nytta kulturmillionen?

Styret har arbeidd med kriterier for å tildela midlar frå denne potten. Styret vil i det vidare arbeidet invitera til ein diskusjon om bruken av desse pengane på neste lokallagssamling. Dette for å gi styret eit arbeidsgrunnlag til neste årsmøte.

Bunadsarbeidet

Bunadnemnda hadde i 2019 2 styremøte, pluss fleire arbeidsmøte. I tillegg har me delteke på eit evalueringsmøte om bunadkafeen på museet.

Bunadkafe på MUST Stavanger museum

Nemnda har delteke på i alt ni bunadkafear, ca ein gong i månaden, med godt frammøte heile tida. Ein har prøvd å ha eit tema kvar gong i haust.

Registrering og dokumentasjon.

Bunadnemnda har vore på museet og registrert plagg og smykker som del av museet si registrering i alt åtte arbeidsdagar i løpet av året. Museet har i denne omgangen ikkje meir draktmateriale dei treng hjelp til.

Målfrid har halde fram med å registrera og digitalisera alt det materialet nemnda har samla seg opp gjennom åra. Ho har og filma aktiviteten på kurset med tanke på å dokumentera framgangsmåten vår.

Kurs i manns- og kvinnebunad

Våren 2019 hadde me kurs med 8 deltakarar; 1 mannsbunad og 7 kvinnebunad.

Hausten 2019 hadde me kurs med 5 deltakarar; alle kvinnebunad. Dei fleste deltakarane går minst to kurs. Nokre går ennå fleire. Heile bunadnemnda er med som lærarar.

Kvart kurs går over fem laurdagar, frå 9-15, og me leiger lokale i SiddisStova til dette.

Materialer til bunadane

Nemnda har ennå eit visst lager av stripestoff. Men enkelte variantar går me snart tome for, så me vil i 2020 ta kontakt medaktuelle leverandørar for å vurdera ny bestilling. Nemnda har eit lite lager av stoff til liv, trøyer, forkle mm. som kursdeltakarane kan få kjøpt frå.

Kvinnebunad frå Ryfylke til Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Fagernes
Oppdraget om å sy modellbunaden blei påbegynt hausten 2018, og me overleverte bunaden då me var på Fagdagane i Oslo 25.8.19. Bunaden blei levert med desse plagga:

Skjøteliv i ulldamask sydd av Ragnhild; kvinnetrøye i brosjert silkedamask sydd av Daghild; stakk i svart ulldamask sydd av Målfrid; forkle sydd av Daghild; skjorte sydd av Bjørg Jorunn Myhre, Suldal; lue sydd av Daghild, med perleknipling kopierte og laga av Målfrid Husebø, Sola, sokkar strikka av Eli; to par sokkeband bregda av Eli.

Instituttet ønska kopi av tamburert sjal i privat eige på Ropeid, Suldal. Målfrid besøkte eigaren i mars for å få ei fullstendig registrering. Else Johnsrud, Hadeland, skal sy dette.

Prosjektet «Hår og hovudplagg i folkedrakt og bunadbruk, 2019-2021»

Norsk folkedraktforum inviterte oss til å ta del i dette, som er eit forsking-, utviklings- og formidlingsprosjekt. Me har sagt ja til å delta med dei hovudplagga som alt er utarbeidde, men vil også arbeida vidare med noko materiale.

Anna fagleg arbeid og formidling

25-26.8 var Daghild, Målfrid og Ragnhild på Fagdagane i Oslo. Her overleverte me modellbunaden til instituttet for bunad og folkedrakt, saman med rapporten om arbeidet som Målfrid har laga.

25.10 deltok nemnda med eigen stand på Museumsnatt på Stavanger museum.

28-29.10 reiste alle i nemnda saman med folk frå Nordaker Bunader til Lillehammer for å vitja Gudbrandsdalens Uldvarefabrik. Me hadde ei grundig og lærerik omvisning der. Før heimturen var me og ein tur til Maihaugen. Privat finansiering.

16-17.11 hadde me som vanleg stand på handverksmessa i BUL, med utstilling av bunadkledde utstillingsdøkker; ein mann, to kvinner, ein gut og ei jente. Diverse bøker til gjennomsyn. Sal av mønster.

Kulturformidling

Brev frå Amerika» med Stampestenen. Dette var tenkt som ei turneframsying og avtalemal/retningslinjer vart laga. Stampestenen fekk ikkje til å gjennomføra turnèen.

Folkedansarbeidet

Instruktøroversikt

Ein har ikkje jobba med dette på fylkesnivå. Slik det ser ut må ein satsa på at sentralleddet kan ha ei slik oversikt, og formidla instruktørar innan folkedans og teater. Fylkesleddet har ingen totaloversikt over kor mykje laga nyttar seg av reiseinstruktør – oppmoding må vera at ein søker om dette, her får ein kunnskapsrike og inspirerande instruktørar.

Fuglen- dansekveldane er etablert og har godt frammøte.

Notebokprosjektet står førebels litt på vent- Ryfylkemuseet kjem med innspel.

Fylkesleikarring

Heller ikkje dette har styret funne tid til å arbeida vidare med. Det kan vera ein mogelegheit at eit lokallag arbeider med idèen, og så hjelper styret i RU til med å knyta interesserte saman.

Sak 4 Rekneskap 2019

K.nr Konto (T)	2018		2019		2020		2021
	Revidert Budsjett	Rekneskap	Budsjett	Regnskap	Budsjett	Revidert Budsjett	Budsjett
2990 Annen kortsiktig gjeld				kr -			
3400 Tilskot frå fylkeskommunen	kr 70 000	kr 87 000	kr 70 000	kr 62 500	kr 70 000	kr 70 000	kr 70 000
3410 Tilskot frå staten				kr -			
3420 Tilskot frå andre	kr 40 000	kr 39 395	kr 40 000	kr 323	kr 40 000		
3910 Kursinntekter	kr 5 000	kr 3 556	kr 5 000	kr -	kr 5 000		
3915 Inntekt bunad				-kr 3 970			
3920 Medlemspengar	kr 27 000	kr 44 080	kr 27 000	kr 39 360	kr 27 000	kr 35 000	kr 35 000
3940 Renteinntekter	kr 4 000	kr 3 592	kr 4 000	kr 13 424	kr 4 000	kr 8 000	kr 8 000
3950 Momskompensasjon	kr 8 500	kr 9 217	kr 8 500	kr 19 284	kr 8 500	kr 15 000	kr 15 000
3990 Diverse inntekter		kr 999 086		kr -			
4200 Varekostnad innkjøp				-kr 5 785			
4230 Varekostnad kontor/utstyr				kr -			
4600 Varekostnad mat				-kr 13 811			
5000 Lønn				kr -			
5020 Feriepenger				kr -			
5330 Godtgjering styret	-kr 14 000	-kr 12 000	-kr 14 000	-kr 12 438	-kr 14 000	-kr 14 000	-kr 14 000
6300 Leige lokalar				-kr 2 735			
6500 Maskiner/instrument og utstyr		-kr 83 088		kr -			
6800 Kontorekvisita				kr -			
6810 Kopiering/trykking				kr -			
6820 Trykksaker				kr -			
6840 Aviser, tidsskrifter ma				kr -			
6860 Møter, kurs, oppdatering ma	-kr 123 000	-kr 115 904	-kr 133 000	-kr 22 235	-kr 133 000	kr 2 000	kr 2 000
6890 Annen kontorkostnad				kr -			
6900 Telefon				kr -			
6940 Porto				kr -			
7040 Forsikring	-kr 2 000	-kr 1 953	-kr 2 500	-kr 2 395	-kr 2 500	-kr 2 500	-kr 2 500
7140 Reisekostnader ikkje oppgavepliktig				-kr 42 346		-kr 30 000	-kr 45 000
7320 Reklame/annonser	-kr 1 000		-kr 1 000	kr -	-kr 1 000	-kr 1 000	-kr 1 000
7410 Kontigentutgifter	-kr 1 200	-kr 800	-kr 1 200	kr -	-kr 1 200	-kr 1 200	-kr 1 200
7420 Gåver	-kr 2 000	-kr 1 795	-kr 2 000	-kr 1 640	-kr 2 000	-kr 2 000	-kr 2 000
7450 Tilskot egne lag	-kr 30 000	-kr 80 309	-kr 30 000	-kr 38 000	-kr 30 000	kr -	kr -
7455 Tilskot enkeltmedlemmar				-kr 10 099			kr -
7460 Tilskot/stønad til andre	-kr 4 500		-kr 5 000	-kr 75 000	-kr 5 000	kr -	kr -
8140 Gebyr	-kr 600	-kr 1 476	-kr 600	-kr 2 095	-kr 600	-kr 2 000	-kr 2 000
8800 Årsresultat	-kr 23 800	kr 888 601	-kr 34 800	-kr 97 657	-kr 34 800	kr 77 300	kr 62 300
8960 Overføring konto/eigenkapital				-kr 600 000			

	2018		2019		2020	
	Revidert Budsjett	Regnskap	Budsjett	Regnskap	Budsjett	Revidert B
Spesifisering Folkekulturmillionen						
Inngående balanse		kr 999 086		kr 815 690		kr 7
Innkjøp langeleiker og sekker		-kr 83 088				
Tilskot lag		-kr 50 309		-kr 7 898		-kr
Tilskot Sommarleiren				-kr 9 102		
Tilskot Sommarteaterskolen				-kr 8 000		
Tilskot Fuglen		-kr 50 000		-kr 25 000		
Tilskot prosjektstilling dansekonsulent						-kr
Renteinntekter				kr 9 084		
Utgående balanse		kr 815 690	kr -	kr 774 773		kr 7

Balanse

Eiendeler

Konto	Konto (T)	IB 2019	UB 2019
1470	Vareberholdning bunad	66 000,00	66 000,00
1471	Varebeholdning langeleik	83 087,50	83 087,50
1472	Varebeholdning anna (bøker, sekker ma)	0,00	0,00
1820	Aksjer (Dag og Tid + Jæren FHS)	3 500,00	3 500,00
1930	Haug SpB 3240.05.13154	499 623,93	503 749,93
1935	DnB Bank (sparekonto)	0,00	609 083,84
1936	DnB bank (Drift 0539.07.41768)	967 796,09	260 899,35
1960	DnB Bank (Bunad 0530.11.35698)	112 381,70	108 411,52
1961	Kasse bunadsnemda	422,00	422,00
	<i>Sum omløpsmidler</i>	1 732 811,22	1 635 154,14

Egenkapital

Konto	Konto (T)	IB 2019	UB 2019
2000	Egenkapital (EK)	1 732 811,22	1 732 811,22
2099	Årsresultat		-97 657,08
	<i>Sum egenkapital</i>	1 732 811,22	1 635 154,14

Kortsiktig gjeld

Konto	Konto (T)	IB 2019	UB 2019
2990	Annen kortsiktig gjeld	0,00	0,00
	<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	0,00	0,00
	<i>Sum Gjeld og EK</i>	1 732 811,22	1 635 154,14

Revisor si melding blir lagt fram på møtet.

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2019 med eit underskot på kr – 97 657,08 og tek revisormeldinga til orientering.

Sak 5 Arbeidsprogram for 2020

Mål	Tiltak
Stimulere til meir aktivitet i lokallaga	<p>Organisere og formidle kulturelle program gjennom turnèverksemd/kulturformidling.</p> <p>Invitere til ei lokallagssamling</p> <p>Vidareformidla informasjon om lokale og regionale arrangement gjennom nettside, nyheitsbrev og Facebook.</p> <p>Oppmode til bruk av frivillig.no</p> <p>Oppmode til å søke om frifondstønad</p> <p>Formidle informasjon om gjesteinstruktørordninga og liknande tilbod frå NU</p> <p>Støtte lokal aktivitet økonomisk gjennom ordninga “Aktivitetsstønad frå RU”</p> <p>Invitere lokallaga til felles markering av RU 125 år</p>
Auke medlemstalet med minst 20 medlemmar	<p>Vervekampanje på Facebook (betalt annonse)</p> <p>Formidle tips og verktøy for rekruttering til lokallaga</p> <p>Synleggjere medlemsfordelane</p>
Rekruttere minst eitt nytt lokallag	<p>Styret tar kontakt med aktuelle lag</p>
Tilby opplæring og kompetanseheving i folkedans/folkemusikk, teater, bunad og organisasjonsarbeid.	<p>Arrangere Storkurs i Stavanger 31. januar - 2. februar.</p> <p>Arrangere kurs i å sy eigen bunad (Bunadsnemnda)</p> <p>Støtte opp om opplæringa i Langeleik</p> <p>Støtte ungdom som vil delta på Sommarleir i NU økonomisk</p> <p>Arrangere miniseminar årsmøtehelga</p> <p>Arrangere Sommarteatarskule i Sandeid</p>

Eit synlegare ungdomslag	<p>Presseoppslag og blest på Facebook kring Storkurs 2020</p> <p>Optimalisere rogaland.ungdomslag.no og halde sida aktuell</p> <p>Bleste tiltaka i samband med 125 årsjubileet til RU på Facebook.</p> <p>Presseoppslag og blest kring Sommarteatarskulen</p>
Eit smartare ungdomslag	<p>I samarbeid med NU-kontoret oppdatere/legge inn riktig kontaktinformasjon på alle medlemmane</p> <p>I samarbeid med NU-kontoret følgje opp at alle lokallag leverer årsrapport i medlemsregistret</p> <p>Ta i bruk digitale verktøy for organisasjonsarbeid, samt tilby dette til lokallag</p> <p>Publisere årshjul for lokallaga på nettsida og formidle viktige datoar gjennom nyheitsbrev</p> <p>Organisere meir av aktiviteten i fylkeslaget som prosjekt</p>
Nettverksbygging og samarbeid med andre	<p>Vidareføre samarbeidet med Folkemusikkarkivet i Rogaland, Ryfylkemuseet om notebokprosjekt.</p> <p>Vidareføre samarbeidsavtalen med Vest Agder, Aust Agder og Telemark ungdomslag (Storkurs).</p> <p>Invitere NU sentralt til eit arrangement i fylket</p> <p>Samarbeidsavtale med Sandeid Ungdomslag (Sommarteatarskule)</p> <p>Delta aktivt på Landsmøte og landsrådsmøte i NU</p> <p>Halde kontakten og samarbeidet med SAFFRO gjennom kontaktperson</p> <p>Gratulere Rogaland Mållag med jubileum. Delta på jubileumshelg 26.-29. mars 2020.</p> <p>Delta på bunadskafeen på MUST Stavanger museum (Bunadsnemnda)</p> <p>Delta i prosjektet «Hår og hovudplagg i folkedrakt og bunadbruk» i regi av Norsk Folkedraktforum (bunadnemnda)</p>

Folkekultursatsing

Vedtaket i styret i Noregs Ungdomslag (2017) heiter det:

Midlane etter rettsforliket etter UL Heimly blir overført Rogaland Ungdomslag. RU må balanseføre midlane i rekneskapen, slik at desse kan brukast over fleire år. Styret i RU får fullmakt til å disponere midlane til prosjekt for å rekruttere ungdom og formidle folkekultur i Rogaland fylke. Styret må sørge for at bruk av midlane blir omtalt i fylkeslaget si årsmelding kvart år.

Styret ønskjer å diskutere retningslinjer for korleis ein skal bruke desse midlane framover. Skal det vere berre til bruk på ekstraordinære tiltak? Skal ein setje tak på kor mykje ein kan bruke i året? Diskusjonen blir på lokallagssamlinga til hausten.

Bunadssatsing

Dei tre veteranane i bunadnemnda har i over 30 år vore kurslærarar. Dei har opparbeidd seg ein enorm kunnskap om det å sy, tilpassa og organisera kurs. Dei står framleis på, men det står ikkje mange yngre lærarar klare til å vidareføra arbeidet og kunnskapen deira. Difor måtte me tenka alternativt. Målfrid Grimstvedt (medlem i nemnda) har lang praksis frå museumsarbeid, spesielt dokumentasjon og digital samlingsforvaltning. Ho starta difor med å videofilma kursa hausten 2018. Dette skjer etter skriftlege avtalar med lærarane og kursdeltakare. Det meste av undervisninga på kursa skjer mellom ein lærar og ein elev. Ved å filma desse situasjonane gjennom fleire kurs, reknar me med at me kan fanga opp dei fleste sidene av undervisninga. Pr. dato har Målfrid filma på 16 kursdagar. Ho filma då bunadnemnda var på befarings på Haugalandsmuseet no i februar for å sjå på den svarte mannsokken frå Ølen som blir brukt til bunaden. Den første oppskrifta blei laga i 1982. Nå ville me samanlikna vår eiga oppskrift med originalen. Drøftingane rundt dette blei festa på film.

Det har førebels blitt lite tid til å redigera filmane. Men Målfrid har nå laga dei to første prøvane; ein frå første kursdag hausten 2018 og ein om mannsokken i Haugesund.

Fordelen med film er m.a. at dette materialet kan redigerast til ulike føremål. Og så lenge kursa er i gang, er det mogleg å fanga opp fleire deler av undervisninga.

Prosjektideen må utviklast noko og finansiering må på plass. Styret ønskjer å setje i gong dette arbeidet.

Forslag til vedtak: Årsmøte 2020 vedtar forslag til arbeidsprogram for 2020.

Sak 6 Revidert budsjett for 2020

[Se sak 4 Rekneskap 2019 for revidert budsjett for 2020 \(klikk her\).](#)

Forslag til vedtak:

Sak 7 Budsjett 2021

[Se sak 4 Rekneskap 2019 for budsjett 2021 \(klikk her\).](#)

Sak 8 Årspengar for 2021

Landsmøtet i NU gjorde dette vedtaket i 2019:

Kontingentsatsane i Noregs Ungdomslag blir vidareført for perioden 2020-2021. Landsmøtet ber styret sette ned ei nemnd som skal gjere ei grundig vurdering av kontingentmodellar og satsar. Nemnda sender innstilling på eventuelt ny kontingentordning på høyring til lokallag og fylkeslag før saka skal opp på neste Landsmøte. Nemnda sitt arbeid og førebelse konklusjonar skal vere tema på landsrådsmøta i 2019 og 2020. Nemnda presenterer sitt framlegg på landsmøtet i 2021.

Forslag til vedtak: Årsmøtet 2020 vedtar å vidareføre sats for medlemsårspengane uendra. Satsane til Rogaland Ungdomslag er: Medlem over 26 år: kr. 50,- og Medlem under 26 år: kr. 30,-

Sak 9 Innkomne framlegg

Vedtektene seier:

§ 4 Årsmøtet

2. saker

(...) Lokallag og nemnder kan kome med framlegg om saker til årsmøtet. Sakene med grunngeving må vere melde skriftleg til styret i fylkeslaget seinast 6 veker før årsmøtet.

Forslag til vedtak: Ingen saker er komne inn

Sak 10 Val

Forslag til vedtak:

Valnemnda sitt forslag til styre 2021:

Leiar:	Synnøve Jørgensen	BUL Stavanger	Ny, 1 år
Styremedlem:			Suppleringsval 1 år
Styremedlem:	Solgunn Liestøl	Midtbygdens UL	Ikkje på val
Styremedlem:	Cathrine Høyland		Ny, 2 år
Styremedlem:	Håvard Ims	BUL Stavanger	Attval, 2 år
1. vara	Erling Haraldseid	UL Skjoldafjord	Attval, 1 år
2. vara	Oddmund Skartveit	Rossabø Folkedanslag	Attval, 1 år
3. vara	Bjarte Holmedal	BUL Stavanger	Attval, 1 år

Valnemnda sitt forslag til bunadnemnd 2021:

Daghild Håvardsholm	BUL Stavanger	Attval, 1 år
Ragnhild U. Ødegaard	BUL Stavanger	Attval, 1 år
Eli Olsen	BUL Stavanger	Attval, 1 år
Målfrid Grimstvedt	BUL Stavanger	Attval, 1 år

Valnemnda sitt forslag til kontakt, SAFFRO:

Lene Merethe Lønning	1 år	Ny, 1 år
----------------------	------	----------

Valnemnda sitt forslag til ettersynsfolk/revisor:

Oddvin Emmerhoff	BUL Stavanger	Attval, 1 år
Magne Hope	BUL Stavanger	Attval, 1 år

Styret sitt forslag til valnemnd 2021:

2018	BUL Stavanger		
2019	Midtbygdens Ungdomslag	Rossabø Folkedanslag	
2020	Haugesund Mållag og Ungdomslag	Klepp Folkedanslag	
2021	Sandeid Ungdomslag	Suldal Ungdomslag	Ølen Ungdomslag
2022	Nærbø Folkedanslag	Ungdomslaget Skjoldafjord	Krosshaug Ungdomslag
2023	Vikedal Ungdomslag	Kvinnerland Frilynde Ungdomslag	BUL Stavanger
2024	Haugesund Mållag og Ungdomslag	Klepp Leikarring	Ungdomslaget Heim

Styret sitt forslag til utsendingar, Noregs Ungdomslag sitt Landsmøte 2020:

Dato for Landsmøtet er ikkje vedtatt på grunn av Korona-virus. Årsmøtet gjev derfor styret fullmakt til å sende 3 personar som utsendingar til Landsmøtet 2020.

VEL MØTT!

Hugs at alle endrings-, strykings- og tilleggsforslag til sakene som blir handsama sendast inn på e-post til rogaland@ungdomslag.no minst 24 timar før møtestart.